



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2014/328	Løpenr. 6724/2014	Klassering K46
Sakshandsamar:	Alv Ottar Folkestad, Landbrukskontoret	

Utvalsaksnr Utval
Næring og miljøutvalet

Møtedato
11.7.2014

KLAGE PÅ AVSLAG FOR SØKNAD OM GODKJENNING AV INDRE BRANDAL HJORTEVALD

/ 2014/328

Tilråding frå rådmannen:

Heimelsgrunnlag for vedtak:

1. Med tilvising til Forskrift om behandlingsmåte i forvaltningssak (forvaltningsloven), §§ 24-25 og §§ 28-33, finn Hareid kommune heimelsgrunnlag for å ta klage frå Ståle Brandal m.fl. om vedtak i NMU, møte 03.06.2014, sak PS 42/14, opp til handsaming.
2. Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt, nr. 134, 2012.02.15, § 10, første ledd, og med særleg tilvising til Viltloven § 33 om lovfesta jaktrett på vegar og veggrunn med annan grunneigar, og som og gjeld m.a. for rørgater og liknande anlegg, finn Hareid kommune at søknad om godkjenning av Indre Brandal hjortevald stettar minstekrav til samanheng, avgrensing og form.
3. Etter same forskrift, § 11 pkt. a)-f), jfr. og § 12 finn kommunen at søknaden oppfyller kravet om kva opplysningar søknaden skal innehalde.
4. Etter same forskrift, § 13 tek Hareid kommune søknaden opp til nytt godkjenningsvedtak.

Vedtak:

1. Med tilvising til heimelsgrunnlaget, Forvaltningsloven §§ 24-25 om grunngeving av vedtak, og særleg til at NMU i sitt vedtak ikkje har vurdert saka i høve til § 33 i Viltloven, finn Hareid kommune å måtte kome klaga frå Ståle Brandal m. fl. i møte. Vedtak i PS 42/14 vert derfor gjort om inkje.
2. Med tilvising til heimelsgrunnlaget i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, nr. 134, 2012.02.15, § 10 første ledd, men med særleg

**tilvising til Viltloven § 33, finn Hareid kommune å kunne godkjenne
Indre Brandal hjortevald med eit teljande areal på 368 dekar.**

Grunngjeving:

I vedtak i PS 42/14 er det ikkje vurdert eller teke stilling til saka i høve til Viltloven § 33 eller til kommunen sin skjønnsfridom i høve til krav etter Hjorteviltforskrifta § 10. Vedtaket er heller ikkje vurdert i høve til likehandsaming når det gjeld tidlegare godkjende vald innafor gnr. 40 Brandal i 2014.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1.	Brev frå Ståle Brandal m. fl. Datert 15.6.2014 med klage på vedtak i NMU, møte 3.6.2014 med avslag på søknad om godkjenning av Indredalen hjortevald i Hareid.	2014/328
2.	Brev frå Ståle Brandal til Hareid kommune datert 28.4.2014 med søknad om godkjenning av hjortevald i Indre Brandal (2014/328-20)	2014/328
3.	E-post frå Ståle Brandal datert 26.5.2014 med vedlegg (2014/328-26).	2014/328
4.	Melding om vedtak frå møte i NMU 3.6.2014	2014/328

Link :

Utskrift av «Rundskriv februar 2012 Viltloven – forvaltning av hjortevilt» Direktoratet for naturforvaltning. (Forskrift nr. 134, 2012.02.15 om forvaltning av hjortevilt) finn dykk [her](#)

LOV-1981-05-29-38 Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) finn dykk [her](#)

LOV-1967-02-10 Lov om behandlingsmåten i forvaltningssak (forvaltningsloven) finn dykk [her](#)

Uprenta saksvedlegg:

Saksførebuing og vedtak i sak PS 42/14, NMU i møte 03.06.2014

Samandrag av saka:

Saka gjeld ein søknad frå Ståle Brandal m. fl. om godkjenning av eit hjortevald kalla Indre Brandal hjortevald i sørlege del av gnr. 40 og gjeld godkjenning av eit lite hjortevald innafor seks bruksnummer. Jamfør uprenta saksvedlegg. Søknaden vart avvist av NMU i PS 42/14, møte 03.06.2014, med leiaren si dobbeltrøyst. Søkjarane har i brev datert 15.06.2014 klaga på dette vedtaket.

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for søknad om godkjenning av Indre Brandal hjortevald går fram av saksframlegg til møte i NMU 03.06.2014, sak PS 42/14. Søknaden vart avvist av NMU med leiaren si dobbeltrøyst og med tilvising til Hjorteviltforskrifta § 10 så langt det gjeld krav om samanhengande areal.

I brev datert 15.06.2014 har søkjarane klaga på denne avgjerda. Søknaden er levert rett-tidig innafor klagefristen på 3 veker og er grunngeven. Han stettar såleis krava til å kunne takast opp til handsaming. Grunngevinga i klaga syner dels til at vedtaket ikkje er vurdert etter heimelsgrunnlaget som innstillinga frå rådmannen bygger på, «Rundskriv februar 2012. Viltloven – forvaltning av hjortevilt» § 10, side 22 andre strekpunkt, der det er presisert at kommunen må nytte sitt skjønnsrom for grunnlag av godkjenning av vald, og med tilvising til at jaktrettar og samanheng i areal i høve til t.d. vald, er særskilt lovfesta i Viltloven § 33. Vidare syner klagarane til

likehandsaming, både i høve til kravet om samanhengande areal og til omsynet til å kunne nytte seg av sine lovfesta rettar til jakt.

Vurdering og konklusjon:

Etter som innstillinga frå rådmannen var heimla i kommunen sitt skjønnsrom, slik det er presisert i «Rundskriv februar 2012», og særleg med tilvising til § 33 i Viltloven, må det vurderast som ei svekking av vedtaksgrunnlaget når fleirtalsvedtaket ikkje grunnlegg kvifor det er sett bort frå dette skjønnsromet eller dei unnataka for jaktrett og arealsamheng som er nemnde i Viltloven § 33. Det kan derfor stillast spørjeteikn ved om vedtaket er grunnleggjeve på rett og relevant måte. Like eins må det vurderast som slik at det ved dei tidlegare godkjende hjortevalda innafor bnr. 40 Brandal er nytta skjønnsrom ved delar av vurderingane, og at konklusjonane her har vore gjorde til fordel for rettshavarane i dei aktuelle områda. Her synest det som om omsynet til å gje eit formelt grunnlag for hausting av hjortestammen har vore vektlagt framfor å tolke krava til godkjenning av vald på ein streng måte.

Nettopp det faktum at det ikkje er teke stilling til avgjerande formalgrunnlag for godkjenning av samheng i areal, samstundes som det kan reisast spørsmål om likehandsaming med tidlegare godkjende valde, gjer at det må vere rett å ta opp sak og sakshandsaming til revurdering og såleis kome klagarane i møte. Fagleg og formelt er det ikkje endringar i saksvurderinga frå rådmannen si side, og både saksframlegg og tilråding slik det låg føre ved handsaming på møte i NMU 03.06.2014 står ved lag.

Eit viktig punkt i denne samheng er Hareid kommune sin eigedom 40/70. I si tid tok kommunen over fallrettane langs denne delen av vassdraget for kraftproduksjon, og då kommunen ved rettsavgjerd fekk stadfesta eigedomsretten seinare, var nettopp potensialet for utbygging for kraftproduksjon det sentrale for kommunen si verdivurdering av området. I Viltloven § 33 er jaktrettar i denne type område særskilt skildra i høve til vegar og veggrunn, men med tillegg om at same reglar gjeld for bl.a. rørgater og «lignende anlegg». Nettopp denne siste formuleringa gjev kommunen ytterlegare skjønnsrom, etter som reglane for område med «lignende» bruk ikkje er avgrensa til eit fåtal nærare klassifiserte område, men har eit vurderingsrom i høve til det som vil kunne falle inn under omgrepet «lignende anlegg».

Under debatten i saka om godkjenning av Indre Brandal hjortevald i NMU møte 03.06.2014 vart det etterlyst dokumentasjon for kartfesting av omsøkt areal og for underskrifter av eigarar på gnr. 40, bnr. 20. Denne dokumentasjonen skal no vere på plass.

Konklusjonen er såleis at det må vere rett å gje klagarane medhald, at vedtaket i sak PS 42/14 i NMU 03.06.2014 vert gjort om inkje og at søknaden vert teke opp til ny handsaming.

Miljøkonsekvensar:

Uttak av hjort innafor gnr. 40 Brandal.

Økonomiske konsekvensar:

Avgrensa stor sett til private interesser.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ubetydelege.

Hareid, 7.7.2014

Bent Arild Grytten
Rådmann

Alv Ottar Folkestad
Sakshandsamar